

Referat frå møte i RHF-a si strategigruppe for forskning - onsdag 20. august 2014

Kl. 09:30 – 14:30

Radisson Blu Airport Hotell, Oslo Gardermoen

Til stades: Baard-Christian Schem (leiar), Erlend Smeland, John Torgils Vaage, Marianne van der Wel, Øystein Krüger, May Britt Kjelsaas, Katrine Weisteen Bjerde, Mari Nes, Tove Klæboe Nilsen, Maiken Engelstad, Ernst Omenaas, Henrik Sandbu, Siv Mørkved, Gunnar Sivertsen, Gro Jamtvedt, Rune Sundset, Svetlana Zykova, Tonje Borsch, Tore Kvien (sak 26/2014), Kyrre Lekve (sak 27/2014), Ingvild Aaløkken (sak 29/2014), Hjørdis Møller (før lunsj)

Forfall: Magne Nylenna

Sekretariat: Sølvi Lurfald, Gro Anita Fønnes Flaten

24/2014 Godkjenning av innkalling og dagsorden

- Det vart meldt inn ei sak til behandling under eventuelt: *Sak om prosess for fleirregionale prosjekt*

Konklusjon:
Innkalling og dagsorden vart godkjent.

25/2014 Godkjenning av referat - møte i strategigruppa 21. mai 2014

Konklusjon:
Referatet frå møtet vart godkjent.

26/2014 Byttestudien

Presentasjon ved leiar for byttestudien professor Tore Kvien. Presentasjon vert lagt ut på www.helseforsk.no/rhf.

Presentasjonen vart godt motteken i strategigruppa. Dette er ei ressurskrevjande studie. Forventning om deltaking i slike tverregionale oppdrag kan leggjast inn i styringsdokumenta for å sikre at alle sjukehusa deltek. Det er no slik at nokre få sjukehus har valt å ikkje delta i denne studien.

Konklusjon:

- RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering

27/2014 Ny nasjonal infrastruktur for bibliometri

Ny nasjonal infrastruktur for bibliometri, presentasjon v/ Kyrre Lekve, ass. direktør ved NIFU. Universitetssjukehusa er ønska inn i eit nyetablert infrastruktur for bibliometri. Presentasjon vert lagt ut på www.helseforsk.no/rhf.

Konklusjon:

- RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering

28/2014 Persontilpassa medisin

Rapporten om persontilpassa medisin og sentrale høringssvar vart presentert av John-Torgils Vaage. Presentasjon vert lagt ut på www.helseforsk.no/rhf.

Strategigruppa tok vel imot presentasjonen. Det vart kommentert at det var uheldig at rapporten vart sendt til høyring midt i ferien.

Konklusjon:

RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering

29/2014 Betre klinisk behandling – kliniske studium

Presentasjonar:

- Korleis arbeider NorCRIN med kliniske studiar? v/ Siv Mørkved, Helse Midt-Norge
- Korleis jobbar Legemiddelverket med kliniske studiar? Ingvill Aaløkken, Legemiddelverket

Presentasjonane vert lagt ut på www.helseforsk.no/rhf

Strategigruppa tok vel i mot begge presentasjonane.

Delar av strategigruppa meinte at NorCRIN må sikrast strategisk styring og at det regionale nivået må vere del av dialogen. Departementet er opptatt av å

støtte opp under NorCRIN. Dette er eit viktig verkemiddel. Legemiddelverket og NorCRIN bør jobbe enda tettare saman. NorCRIN er ein naturleg partnar for studium som foregår ved fleire sjukehus. Legemiddelverket orienterte mellom anna om ny forordning med felles etiske vurderingar av studiar i EU. Dette vil krevje endringar i det nasjonale systemet.

Konklusjon:

RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering

30/2014 Vidare arbeid tverregionale midlar

Retningslinjer for handtering av klager:

Sekretariatet la fram forslag til handtering av klager basert på dagens ordning knytt til dei regionale forskingsmidlane i Helse Vest. Grappa ønskjer at dette forslaget vert stramma opp og at ein ser til prosess for klagebehandling i Norges forskingsråd. Sekretariatet sender ut nytt forslag til handtering av klager saman med referatet. Strategigrappa ønskjer at Norges forskingsråd vert bede om å handtere klageprosessen. (sjå utsendt e-post for oppfølging av denne diskusjonen)

Relevanskomité:

I tillegg til dei allerede oppnemnte representantane i relevanskomiteen vil 4 brukarrepresentantar verte oppnemnte. Dei regionale brukarutvala vil verte kontakta.

Representantar frå føretaka:

Petter Aadahl, St. Olav

Henrik Sandbu, Helse Midt-Norge

Hanne Husom Haukland, Helse Nord (endret representant etter møtet, Tove Klæboe Nilsen går ut)

Rune Sundset, Helse Nord

Ernst Omenaas, Helse Vest

Baard Christian Schem, Helse Vest

Øystein Kruger, Helse Sør-Øst

Kristin Bjordal, Helse Sør-Øst

Orientering om og samansetjinga av nedsett arbeidsgruppe som skal sjå på kontraktsarbeid, administrativ oppfølging etc.

Arbeidsgrappa er nedsett og består av følgjande personar:

Sølvi Lurfald, Helse Vest

Randi Vad, Helse Sør-Øst

May Britt Kjelsaas, Helse Midt-Norge

Tove Klæboe Nilsen, Helse Nord

Første møte vart arrangert på Gardermoen 1. september.

Norges forskningsråd presenterer status for utlysinga:

39 søknader var oppretta på det tidspunkt strategigruppemøte vart gjennomført. Forskningsrådet har eit jamnt tilsig av spørsmål. Spørsmåla kjem frå alle regionar.

Konklusjon:

- RHFa si strategigruppe ber sekretariatet om å gå i dialog med Norges forskningsråd for å vurdere om Norges forskningsråd kan ta hand om klageprosessen.
- RHFa si strategigruppe vedtek samansetjing av relevanskomité med tillegg av ein brukarrepresentant frå kvar region.
- RHFa si strategigruppe vedtek samansetjing av administrativ arbeidsgruppe
- RHFa si strategigruppe vedtek at alle midlane vert tildelte. Handtering av eventuelle midlar til klager må vurderast i etterkant.

31/2014 Brukarmedverknad i forskning

Helse Nord v/ Tove Klæboe Nilsen orienterte om status for arbeidet.

Presentasjon vert lagt ut på www.helseforsk.no/rhf

Strategigruppa tok vel imot presentasjonen. Retningslinjene vil bli reviderte som oppfølging av høyringsprosessen. Rapporten vil òg verte sett i samanheng med relevante tiltak i HelseOmsorg21.

Konklusjon:

- RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering

32/2014 CRISTins tvisteutval

Orientering om tvisteutvalet sitt arbeid v/ May Britt Kjelsaas, representant i tvisteutvalet. Strategigruppa tok vel imot presentasjonen.

Presentasjon vert lagt ut på www.helseforsk.no/rhf

Konklusjon:

- RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering
-

33/2014 Orientering frå HOD

1. Felles oppdrag til Helsedirektoratet og RHFa om nettbasert, pasientretta informasjon om kliniske studier

Konklusjon:

RHFa si strategigruppe tek informasjonen til orientering

34/2014 Orienteringssaker

Vedlegg

- Klinisk forskning på kreftregisterdata

35/2014 Eventuelt

Sak om prosess for fleirregionale oppdrag/prosjekt

- Strategigruppa ønskjer det vert førebudd sak om handtering av og prosessane rundt fleirregionale oppdrag/prosjekt

Kommande møte i strategigruppa:

- **RHF-a si strategigruppe for forskning, 16. oktober 2014 (Gardermoen)**